

# Årsmelding for Nord-Aurdal Mållag 2018

Nord-Aurdal Mållag har som formål å fremja nynorsk og dialekt i Nord-Aurdal og Valdres.

Årsmeldinga gjer greie for arbeidet som vart gjort i 2018.

## Tillitsvalde

### Styret i meldingsåret

Leiar:	Aud Søyland
Økonomiansvarleg:	Bjørn Karsrud
Skrivar:	Sara Marie Granheim
Styremedlem:	Kjell Ivar Andersen
Styremedlem:	Torodd Lybeck
Varamedlem.	Jostein Granheim
Varamedlem:	Silje Vadla Ulberg
Varamedlem:	Cecilie Solar

### Valnemnd

Knut Aastad Bråten
Bente Hemsing
Ellen Persvold

### Rekneskapsførar

Oddrun Hegge

### Revisor

Hans Asheim

### Helsingeskortnemnda

Margunn Søyland Nesbakken
Oddrun Hegge
Reidun Dølehushet
Henning Andersen

### Redaksjonen i Kvittvella Forlag

Aud Søyland
Kjell Ivar Andersen
Bjørn Karsrud
Sara Marie Granheim
Torodd Lybeck

### Representantar i styret for Bok i Valdres

Aud Søyland
Sara Marie Granheim

### Representant i nemnda for kronikk-konkurransen

Knut Aastad Bråten

## Målpolitisk arbeid

### Kvittvella Forlag

I 2018 gav Kvittvella Forlag ut barneboka *Den magiske hemmelegheita* av Kirsten Onstad. Boka vart lansert 1. november med eit arrangement i kulturhuset på Fagernes, og kom i eit opplag på 800 eks. Ved slutten av året var det att om lag 440 bøker på lager. Til utgivinga fekk me støtte frå SpareBankstiftelsen Hallingdal og Noregs Mållag.

Forlaget til Nord-Aurdal Mållag, Kvittvella Forlag, har tidlegare gitt ut sju bøker: *Museguten Zakkarias* av Oddbjørg Bjerke, *Lasse frå Lærdal* av Knut Hauge, *Stevleik* av Olav Gullik Bø, *Reint som gull* av Bjørn Karsrud, *Susen av Garlistuten. Historia om den gjæve fela til Jørn Hilme* av Olav Norheim, *Drøymer du, gamle tre?* av Trygve Bjørgo og *222 fossar i Valdres* av Torodd Lybeck. Dessutan har me gjeve ut to skodespel av Olav Gullik Bø som hefte: *Pekka og Riddarspranget*.

### Sal av helsingeskort og bøker

Salet av kort og bøker er stadig det viktigaste grunnlaget for økonomien i Nord-Aurdal Mållag. Dei fleste bøkene har gått i pluss, men det er særleg kortsalet som gir overskot. I 2018 selde me helsingeskort for snautt 32 000 kr. I alt er det laga 23 ulike kort. To av dei var nye i 2018. For tida kan me tilby 20 kort, fordi tre av dei eldre korta er utselde. Kortnemnda legg ned ein stor innsats med å få spreidd korta. Som tidlegare år reiste Margunn Søyland Nesbakken og Oddrun Hegge rundt til alle salssstadene i heile Valdres og fylte på med kort.

Styret har hatt bokdisk ulike stader for å få selt bøker og kort: på boklanseringa 1.11., på Rakfiskfestivalen 1.–3.11., på Bok i Valdres 2018 15.11., på salsutstillinga på Herangtunet 10.–11.11., på Coop Fagernes 22.11., på bruktsalmesesse i Storhallen på Leira 10.11. og på julemessan på Piltingsrud 24.–25.11. På dei to messene var det Kirsten Onstad som hadde bokdisk.

Elles blir mykje av korta og bøkene selde gjennom butikkar. Fagernes Libris og Notabene Leira er særleg viktige salskanalar, men også Gjølberg på Dokka sel ein god del av bøkene våre. Elles har me kort og nokre bøker til sals i butikkar over heile Valdres.

### **Barnehagebesøk**

Reidun Dølehuset var på besøk i dei fleste barnehagane i Nord-Aurdal i november 2018. Ho hadde òg med nynorske bøker til utdeling.

### **Nynorsk skulemål**

Det har ikkje vore arbeidd med nynorsk skulemål i Nord-Aurdal i 2018, men Nord-Aurdal Mållag gir eit abonnement på Norsk Barneblad til elevar ved montessoriskulen i Ulnes. Dessutan har me gitt eitt klasesett til Nord-Aurdal barneskole.

### **Årsmøterepresentasjon**

På årsmøtet i Nord-Aurdal Mållag i 2018 vart Margunn Søyland Nesbakken, Torodd Lybeck, Jostein Granheim, Bjørn Karsrud og Aud Søyland valde som utsendingar til årsmøtet i Valdres Mållag, som var på Solhaug i Øystre Slidre. Margunn Søyland Nesbakken, Aud Søyland og Bjørn Karsrud møtte.

Til landsmøtet i Noregs Mållag vart Sara Marie Granheim, Kjell Ivar Andersen og Torodd Lybeck valde, med Jostein Granheim, Aud Søyland og Bjørn Karsrud som vararepresentantar. Dei tre valde representantane reiste på landsmøtet, som var i Rauland.

### **Møteverksemd og samarbeid med andre**

Årsmøtet 2018 vart halde i møterommet vårt i Gulbygningen på Leira tysdag 8. februar kl. 19.00, med 11 personar til stades.

Det har vore åtte styremøte frå årsmøtet i fjor og til årsmøtet i 2018. I tillegg til årsmøtet har det vore songkveld, foredrag, litteraturkveld, fossevandring, boklansering, bokkveld og pubbkviss i meldingsåret. Om lag 360 har vore med på arrangementa våre i 2018. Ca. 20 frivillige har vore med på å stelle dei i stand.

### **Songkveld – «I kveldsetun»**

10. april arrangerte me for sjette gong songkveld i Aurdal menighetshus saman med Bruflat Sangkor. 2018 var Vinje-året, og Vinje-songar utgjorde den sentrale delen av programmet. Margunn Søyland Nesbakken var programleiar og fortalte om songane. Frammøtte på songkvelden, inkludert koret, var om lag 75.

### **Kronikk-konkurransen**

For å gi ein ny giv til kronikk-konkurransen arrangerte Nord-Aurdal Mållag og avisar Valdres eit ope møte med Harald Stanghelle som innleiar. Det vart halde på biblioteket 15. februar med om lag 80 tilhøyrarar, mange av dei elevar frå Valdres vidaregåande skule. Fristen for kronikk-konkurransen var no 23. april. 24 elevar og 6 vaksne deltok. Avisa Valdres dekte Stanghelles honorar. Avisa og mållaget delte på utgiftene til hovudpremiane, og mållaget betalte bokpremiane til dei som hadde skrive på

nynorsk. I juryen var Knut Aastad Bråten (mållaget), Magni Moe Westgård (Valdres vgs.), Torbjørn Moen og Andrea Grøneng (avisa Valdres).

### **Litteraturkveld med Jan Inge Sørbø**

Jan Inge Sørbø heldt foredrag om nynorsk litteraturhistorie på biblioteket 26. april med Nord-Aurdal Mållag som arrangør. Han hadde skrive verket *Nynorsk litteraturhistorie* i samband med at Samlaget fylte 150 år i 2018. Om lag 30 tilhøyrarar var til stades.

### **Tur langs Etna**

Nord-Aurdal Mållag og Etnehalvøya Mållag inviterte til fossetur langs Etna frå Lundebrue til Hellefossen med Torodd Lybeck som omvisar. Om lag 14 var med på turen i fint haustver 2. september.

### **Boklansering**

Kirsten Onstads bok *Den magiske hemmelegheita* vart lansert i festsalen i kulturhuset på Fagernes torsdag 1. november, ved starten av Rakfiskfestivalen. Medlemmer i Nord-Aurdal Mållag og mange av Kirsten Onstads venner var inviterte på arrangementet. Bjørn Karsrud intervjuet Kirsten, ho las frå boka, og Berit Schippers song eigne viser. Det var også servering av rakfiskbussar og anna som Kirsten Onstad hadde ordna med. Om lag 70 var til stades.

### **Bok i Valdres**

Fordi me var skuffa over frammøtet på bokdagen i 2017, bestemte me oss for å flytte bokdagen til Valdres Folkemuseum og gå tilbake til eit kveldsarrangement på ein vekedag. Anne Marit Noraker frå Valdresmusea vart med i nemnda, saman med Torill Johme frå Nord-Aurdal folkebibliotek, Bente Hagaseth frå Fagernes Libris og Sara Marie Granheim og Aud Søyland frå Nord-Aurdal Mållag. Hovudforfattar i programmet til Bok i Valdres 2018 var Tharaniga Rajah, som samtala med Alice Gudheim. Birgit Haugen, Gunnar Hauge og Frode Rolandsgard fekk litt utvida tid. I bolken lokale forfattarar / bøker med lokal tilknyting var Jaran Damman, Anne-Marte Før, Alice Gudheim, Kirsten Onstad, Odd Arne Rudi, Sølvi Wærhaug og Ivar Aars med. Kristina Gyllenswärd og Sigrun Bjørgo hadde eit jazzinnslag.

Munkekroen selde mat. Fagernes Libris og Nord-Aurdal Mållag hadde bokdisk. Torodd Lybeck og Kjell Ivar Andersen stod for bokdisken vår og tok dessutan inngangspengar. Om lag 60 var til stades på bokdagen, av dei 43 betalande.

Me hadde skapt god blest om Bok i Valdres, dels gjennom annonsar i avis og dels via e-post og Facebook. Frammøtet var betre enn året før, og lokala på Valdres Folkemuseum gjorde sitt til at det vart eit triveleg arrangementet. Det vart også mindre arbeid – og litt mindre inntekter – på mållaget fordi me ikkje hadde ansvar for servering.

### **Pøbbkviss**

For tredje år på rad arrangerte me pøbbkviss saman med Vestre Slidre Mållag og Øystre Slidre Mållag på Nabo bar på Fagernes, denne gongen 8. februar 2019. Det var fire lag med 17 deltakarar, og leiar i Vestre Slidre Mållag Marianne Granheim Trøyflat leidde kvissen på framifrå vis.

### **Samarbeid med Valdres Mållag**

Frå Nord-Aurdal Mållag var Aud Søyland og Bjørn Karsrud på haustsamlinga til Valdres Mållag i Åbjør grendehus 10. september 2018. Nord-Aurdal Mållag er med på standen til Valdres Mållag under Rakfiskfestivalen, og me sel bøkene og korta våre der.

Aud Søyland har dessutan vore med på å legge planar for ei Valdres-ordbok som Valdres Mållag ønskjer å laga på dugnad. Arbeidet med å skrive inn eksisterande ordsamlingar vart påbegynt i 2017. Anne Marit Framnes, Bjørn Karsrud, Torodd Lybeck, Margunn Søyland Nesbakken og Aud Søyland har så langt vore med frå Nord-Aurdal Mållag.

## Pressearbeid

I samband med arrangementa våre har me brukt lokalavisa til å skaffe oss omtale og til annonsar. Dette året er det særleg boka til Kirsten Onstad, *Den magiske hemmelegheita*, me har annonsert for, og Valdresmagasinet hadde stort intervju med forfattaren i nummeret som kom til Rakfiskfestivalen. Me hadde òg ein annonse for alle bøkene våre i Jul i Valdres.

## Nettsida vår

Til lanseringa av *222 fossar i Valdres* fekk me laga vår eiga nettside, kvitvella.no, der korta og bøkene våre ligg ute. Ben Ormstad stod for utforminga, og i 2018 oppdaterte han sida slik at ho tilfredsstiller krava i den nye personvernlova (GDPR).

Nord-Aurdal Mållag har i fleire år hatt ei nettside under nettsidene til Noregs Mållag. Den eksisterer framleis, men det er lettare å finne fram til sida kvitvella.no. Me har elles ei side på Facebook der me legg ut nyheter, og me hadde Facebook-annonsar for *Den magiske hemmelegheita*, *222 fossar i Valdres* og *Susen av Garlistuten* før jul. Me har også ei eiga e-postadresse: [namallag@gmail.com](mailto:namallag@gmail.com)

## Medlemsverving og lagsbygging

### Medlemssendingar

Det har gått ut eitt lagsbrev i posten til alle medlemmene i Nord-Aurdal Mållag i 2018, og eitt via e-post (i brev til dei som ikkje har e-post). Dessutan har me sendt ut fire e-postmeldingar til dei som har e-post, med påminningar om arrangement.

### Medlemstal

Ved utgangen av 2018 hadde laget 107 betalande medlemmer, mot 104 medlemmer i 2017. Dette er det høgaste medlemstalet sidan 1988. Målsetjinga var 110 medlemmer i 2018.

### Økonomi

Nord-Aurdal Mållag hadde i 2018 inntekter på kr 196 957 og utgifter på kr 198 298. Det gir eit underskot på kr 1341. I tillegg til den omtala støtta til bokutgivinga fekk me støtte frå Valdres Natur- og Kulturpark til Bok i Valdres 2018 i form av annonkestøtte, frå Nord-Aurdal kommune fekk me generell driftsstøtte, og frå Sparebankstiftelsen Hallingdal fekk me breiddestøtte. Per 31.12.2018 hadde me kr 99 443 inneståande på kontoen i Sparebank 1, og kr 5340 på bokdagskontoen. Laget fekk kr 15 707 i momsrefusjon.

## Evaluering

2018 har vore nok eit godt arbeidsår for Nord-Aurdal Mållag, med stort spenn i aktiviteten. Me opplever at mange ser på mållaget som ein viktig samarbeidspartnar. Saman med Valdres Mållag og dei andre lokallaga har me gjort nynorsken synleg i Valdres og fremja nynorsk kultur i ulike samanhengar. Me bør i større grad setja dialektarbeidet på dagsordenen.

*Styret i Nord-Aurdal Mållag*